



Vår dato:
22.11.2005
Dykkar dato:

Vår referanse:
2005/001317-TAS-L40
Dykkar referanse:
Ref. nr. 05/2258

Kommunal- og regionaldepartementet
Bolig- og bygningsavdelingen
postboks 8112 Dep.
0032 OSLO

Kopi til:
Norsk kommunalteknisk forening, Forum for
byggesak, Postboks 1905 - Vika, 0124 OSLO

24 NOV 2005
05/2258 - 21
451.0
BB BY/GATH

Høyringsuttale til NOU 2005:12 Mer effektiv bygningslovgivning II

Merknad frå nettverksgruppe Sunnfjord

Vi er ei nettverksgruppe under Forum for byggesak, som består av 8 kommunar i Sogn og Fjordane. Flora og Førde har begge i overkant av 11000 innbyggjarar. Jølster, Fjaler, Gauldalen, Høyanger, Naustdal og Askvoll har mellom 2500 og 4500 busette i kvar kommune. Nettverksgruppa representerer ein typisk utkant med svært mange aktørar som opererer i ein eller to kommunar lokalt. I fleire av kommunane skjer ein stor del av byggeaktiviteten utafor regulert område med stor avstand til nærmeste nabo. Vi føler derfor at vårt syn på lovverket kan vere noko annleis enn i store bykommunar, og ynskjer difor å sende våre innspel til endringa av plan- og bygningslova.

1. Ansvarsrett – sentral/lokal godkjenning

Vi registrerer at det er eit ynskje ved ny revidering av plan- og bygningslova å setje krav til sentral godkjenning for alle føretak. Vi har forståing for at det er lettare å øve press mot føretak som i dag lever på lokal godkjenning, og som flytter verksemda til ny kommune når tilliten er brote i den førre. Vi vil likevel uttrykkje skepsis til at denne ordninga forsvinn, då vi meiner at vi mister ein del flinke lokale krefter. Det vi ynskjer å peike på er dei føretaka som for det meste gjer jobbar som ikkje krev ansvarsrett, men som av og til ynskjer utføre større arbeid. Dette er etter vår erfaring ofte flinke folk som gjer arbeid av god kvalitet. Ut frå signal frå nokre av desse har vi grunn til å tru at dei heller vil legge opp som fagarbeidarar enn å sökje om sentral godkjenning.

Nettverksgruppa ynskjer og å peike på at det er svært arbeidskrevjande å føre ein tilsynssak mot eit sentralt godkjent føretak. Det kan føre til at kommunar med avgrensa ressursar vel å ikkje prioritere dette arbeidet. I staden vert dårlege og fagleg tvilsame løysingar akseptert. Vi ynskjer derfor at det vert sett større fokus på prinsippet om at det skal vere lett å gje ei sentral godkjenning, men også lett å trekke den attende.

Vi vil uttrykkje skepsis til endringa ut frå at det må føre til eit stort press på det sentrale godkjenningsorganet. Vi ynskjer heller å ha ei lokal godkjenningsordning, enn å godkjenne ansvar opp mot sentral godkjenning dersom denne viser seg å bli ei rein registrering av føretak utan vidare kontroll. Dei aller fleste av oss har vore på kurs å lært å føre tilsyn. Vi har og ved fleire høve diskutert ei felles ordning for å kunne gjere denne jobben. Det er likevel vanskeleg når kvardagen er at ledige stillingar ikkje ståande vakant av kommuneøkonomiske årsaker. Vi registrerer at utvida bruk av sentral godkjenning er tolka til å medføre utvida bruk av tilsyn. Det vil ikkje falle heldig ut for oss.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Bankkonto
Førde kommune Pb. 101 6801 Førde	Hafstadvegen 21 E-postadresse postmottak@forde.kommune.no	57 72 20 00 Web www.forde.kommune.no	57 72 20 10	3700 07 00720 Organisasjonsnr. NO 963923511 mva

Vår dato
22.11.2005

Vår referanse
2005/001317-TAS-L40

Nettverksgruppa har forstått det slik at også sjølvbyggjaren skal forsvinne som omgrep. Vi kan ikke forstå kvifor ein fagarbeidar med kompetanse ikkje skal kunne bygge eigen bustad utan at ansvar må leggast til sentral godkjent føretak. Det er mogleg at grunnen er at enkelte spekulerer i denne form for byggetiltak, men nok ein gang er dette ei ordning vi har hatt god erfaring med. I den grad at fagfolk bygger til seg sjølv har det vist seg å gje høg kvalitet på det ferdige produktet. Vi gir sjølvbyggjar ansvar ut frå den kompetanse han har. Dette føler vi er tryggare enn å gje ansvar til eit sentralt godkjent føretak som vi ikkje heilt kjenner kompetansen til.

Konklusjon: Vi ynskjer å framleis kunne godkjenne føretak lokalt, og å kunne gje ansvar til enkelpersonar som har fagleg kompetanse.

2. Dispensasjonar

Nettverksgruppa har merka seg at alle dispensasjonar frå planvedtak, planbestemmelser, plankrav og mellombels bygge- og delesforbod skal leggast til det faste utval for plansaker. Denne ordninga føler vi i ein del høve kan verke for rigid og at det vil gå ut over handsamingstida. Det er ikkje alle søknader om dispensasjon som er så prinsipielle at dei vil kunne føre til ringverknader for eit heilt planområde. Slike avgjerder meiner vi framleis bør kunne delegerast til administrasjonen dersom det faste utvalet ynskjer dette.

Konklusjon: Vi ynskjer å ha høve til å kunne handsame dispensasjonar i mindre saker utan prinsipiell karakter administrativt, dersom det faste utvalet for plansaker ynskjer å delegere mynde.

3. Lokale vedtekter/forskrifter

Nettverksgruppa meiner å ha forstått at høve til å vedta lokale vedtekter og forskrifter skal falle bort. Dette finn vi ikkje mening i. Fleire av kommunane i nettverket har i dag lokale vedtekter og forskrifter. Desse er mellom anna knytt opp mot estetikk, parkering, skilt og reklame. Vi meiner dette gjev kommunane høve til å lage eigne retningslinjer for tilhøve som er viktige for dei.

Plan- og bygningslova med forskrifter er svært generelt orienterte. Vi meiner derfor at dersom høve til lokale vedtekter og forskrifter fell ut må departementet og/eller Statens bygningstekniske etat lage mye sterkare retningslinjer for korleis lova skal tolkast i praksis. Det er ikkje enkelt for ein sakshandsamar som knapt er sagutdanna innan byggfag, å skulle kunne argumentere mot fagkompetansen til eit tungt føretak i høve runde formuleringar og fagleg skjønn.

Konklusjon: Vi ynskjer å halde på retten til å vedta lokale vedtekter og forskrifter.

Vår dato
22.11.2005

Vår referanse
2005/001317-TAS-L40

4. Vassforsyning

Nettverksgruppa ser positivt på at det er føreslått krav til prosjektert sløkkevatn der kor det skal førast opp bygningar til bruk for menneske eller dyr. Vi meiner likevel at det må spesifiserast, til dømes gjennom forskrift, at det ligg til kommunane om å føre fram offentlege vassleidningar til ein kvar byggetomt. I Sunnfjord er det i dag svært store områder som ikkje vert dekka av offentlege leidningar. Kommunane ser det heller ikkje økonomisk forsvarleg å bygge ut leidningsnett til desse områda.

Konklusjon: Vi ynskjer at det vert sett krav til tilstrekkeleg sløkkevatn, men vi ynskjer ei spesifisering som fritek kommunane frå å legge fram offentlege leidningar der det ikkje er økonomisk forsvarleg.

5. Byggeteknisk nemnd

Nettverksgruppa stiller seg litt undrande til nemnda og kva nemnda skal arbeide med. Vi ser det som positivt å opprette ein instans som kan sjå nærare på nye og innovative løysingar dersom det utvider utvalet preaksepterte løysingar. Vi etterlyser likevel eit utval som kan ta avgjer i tvistesaker kor prosjekterande og kontrollerande for prosjektering ikkje vert einige om løysingar.

Det kan vere vanskeleg for sakshandsamar å ta stilling til løysingar i enkeltsaker. Vi skal søke dokumentasjon fram til vi kan sjå korleis eit resonnement er bygd opp. Men vi ynskjer likevel ein stad å kunne søke råd i enkeltsaker dersom handsamar er i tvil om innhaldet i dokumentasjon frå prosjekterande/kontrollerande for prosjektering, eventuelt å kunne trekke ein strek mellom synsing/gjetting og faktisk dokumentasjon.

Konklusjon: Vi ynskjer ei byggeteknisk nemnd som kan godkjenne innovative løysingar og gjere dei preaksepterte. Vi ynskjer ein instans som kan ta avgjer i tvistesaker som omfattar tekniske løysingar. Vi ynskjer ein rådgjevande instans som kan hjelpe kommunane i enkeltsaker.

For nettverksgruppe Sunnfjord

Torill A. Segtnan
Torill Anita Segtnan
Koordinator
Tlf. 57722068